

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Avaldsnes

Emne: Helsing, fakter og åtfærd

Bygdelag: Karmöysida

Oppskr. av: Peder Skeie

Gard: Meland

(adresse): Avaldsnes

G.nr. 35 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det mest ålmenne er at eit "bukke" tyder "ja" og at sving på hovudet sidesvis tyder "nei".
Serleg frå gamalt av vart også handa mykje bruka til å seie "nei" med. Dei vinkar då frå seg - helst med høgre handa - gjerne saman med andre grimaser, og gjer lite eller mykje av det etter som det skal vera meir eller minder "kraft" i "nei".
2. Nei, det vert berre helsa på dei kjende - og ikkje alltid dei heller. Det må helst vera litt venskap utanom kjennskapet.
3. Eg kjenner ikkje annan regel i det høve enn at den menige mann måtte - sjølvsagt - helsa fyrste når dei traff presten eller klokkaren eller andre "storkarar". Jau, elles har det nok - serleg i tidlegare tider - vore slik at den unge måtte helsa fyrst på eldre folk.
4. Ute i det fri bukka gutane. Var dei godt "opplærde" tok dei huva av med det same. Gjentene "neia".
5. Så vidt eg kan hugsa har det alle dagar vore slik at to grannar o.l som møtte einannan ute på vegen, dei berre bukka til einannan (altså vaksne folk) Traff dei derimot, som nemnt "högare karar" måtte hatten av attåt. Kjennskap, venskap og slektskap fekk så tillegg med handhelsing og "takk for sist" og gjerne andre fakter, etter som tilhøvet var "varmt" til.
6. Eg kjenner ikkje noko til dette.
7. Stort set skjedde det vel på same måten, men eg trur nok det kan (har kunna) merkjast at det heile vart meir högtideleg og at folk i det heile kjende seg meir högtidsame når dei hadde "kyrkjekledna" på. Frå gamalt sa dei elles "kistekledna". Garderoben var vel den tid i kista, der bestekledna låg mellom kvar gong dei vart bruka.
8. Ved vitjing hjå slekt og vener vart det handhelsa. Når det skulde vera heilt i orden, måtte det også handhelsast på dei unge og barna. Samstundes sa den vitjande eitt eller anna som stod i samsvar med høvet.
9. Eg trur ikkje dette kan seiast å vera vanleg. Men av og til ser ein at slikt hender - serleg av gamle folk og det kann nok henda at det er rester av ein eldre hovudregel. Dei kan syna venskap med klapp på oksla men det kan også vera med eit lite dunk i sida, eller på andre måtar. Det ser ut som det var individuelt i så måte.

- 10. Eg kjenner ikkje til noko av dette.
- 11. Når det gjeld brurefylgje, har eg ikkje kjennskap til at det vart gjort noko serleg. Når det gjeld likfylgje, har det så vidt eg veit, alltid vore go skikk å stansa og ta huva av, men det vert nok ofte synda mot regelen.
- 12. Nei, dette kjenner eg ikkje noko til.
- 13. Eg har aldri forstått at det har vore så nøye med klokkeslettet - med omsyn til kva folk skulde bruka som helsingsord. Men var det så tidleg at det ikkje var borti middagstida, var det "gomårå". Midt i dagen heitte det "godag", Skuldet leggjast litt meir trykk på, heitte det "godajen". Dette var då gjeldande til det tok til å kvelda - vel helst etter at arbeidet ute var slutt. Då var det "gokvell", eller gjerne "gokvellå".
 Alt dette galdt helst når ein kom til gards. Når folka gjekk kunde det vera "farvel" heile dagen, Gjekk dei lenger utpå kvelden vart det helst til "gonatt". Gamle folk sa gjerne "goa n nottå". "Lev så vel" eller berre "lev vel" kunde ein også ofte høyra.
- 14. Det går etter kvart i "surr" med helsingsuttrykka. Tidlegare måtte det nok passast godt på med dei rette uttrykk - slik det høyde med tia på dagen. No høyrer ein ofte "gomoln" eller berre "morn" gjerne til langt på kvelden og utan omsyn til om dei kjem eller går.
- 15. Det vanlege er visst at det skal svarast det same som gjesten seier. Det gamle var gjerne at ordet eller orda måtte takast oppat minst ein gong (altså det same som gjesten seier).
- 16. Sjå under post 14.
- 17. Av gamle folk kunde ein nok også her tidlegare høyra helsingsordet "Guds fre" eller "Guds fre i huset". Meir vanlege var dei andre utsegnene som De nemner: "signe arbeidet" osv. Skulde det leggjast serleg trykk på det, eller gjerast serleg høgtidsamt, sa dei gjerne "Gud signe arbeidet" osv. I slike tilfelle vart det vanlegvis svara "Takk". Når det hövde i samanhengen som t.d. ved helsinga "Signe laget" vart det gjerne svara "Takk, og velkomen te".
- 18. Eg tykkjast hugsa at gamle folk i min barn- dom ved dei store høgtidene sa "EIX Signe dagen". I alle tilfelle der det vart bruke "signe" kunde det også av eldre folk verta sagt "tillokka med-" Vart det sagt t.d. "Tillokka med dagen", vart ~~ix~~ det svara "Takk og deg det sama". Dette svaret kunde brukast også i andre tilfelle der det hövde.
- 19. Eg kann ikkje seie det sikkert, men eg trur nok det var ein gamal skikk også å ta oppatt helsinga inne, "goddag inn og" eller "Goddag i stova"
- 20. Om dette kan eg ikkje seie noko serleg.
- 21. Ja, dette er vel snart den einaste av dei gamle "höglegheitreglane" som framleis gjeld.
- 22. Eg kjenner ikkje andre utsegner i det høet enn "Versego komm in" eller berre "KOMM in". Det kunde av og til heita berre "Versego". Desse reglane gjeld elles framleis.
- 23. Gjesten skulde nok stå ved døra til dei

- fekk tilseing om noko anna, men dei slapp venta lenge før det heitte "Sjå å få sitja", "sitt ne" eller "Versego sitt ne" eller andre samansetningar .
24. Så vidt eg kan huga skulde hatten alltid takast av ute i "forstova".
 25. Sjå pkt. 23. Når folk vart bedne inn, kunde det ved ymse høve heita "Stig på".
 26. Sjølv sag var det skilnad på om det var ven eller uven, hög eller låg. Sjølv om orda kunde vera nokså like, var realiteten ulik.
 27. Slik som nemnt ovanføre.
 28. Sjå pkt. 27. At stolen vart turka av - som ein "skikk" hugsar eg inkje til, Men i sume tilfelle kunde det vel turkast av stolen av andre grunnar.
 29. Utanom det som er sagt ovanføre, kann eg ikkje hugsa noko serskilt. Det måtte då vera at det i slike tilfelle ofte vart sagt etter den vanlege helsinga: "Velkommen te".
 30. "Takk for meg", "takk for idag" kunde ofte brukast - anten dei hadde fått noko eller ikkje, men vanlegvis hadde dei vel "fått" eit kvart lite, om ikkje anna enn ei skål mjølk. Elles kunde ein god "drøs" vera nok til at det vart "takk for meg". Ungar skulde seie "Nanna". Midt i dagen vart det gjerne lagt til "Så får du ha det så gott" e.l. I kveldinga vart det vanlegvis det siste den bortdragande sa "God natt" eller "Goa nåttå". Det kunde og heita "Lev vel" eller "Så får du leva så vel". I så fall var svaret: "Takk og deg det sama".
 31. Eg har ikkje noko serleg minne om dette. Det vart sjølv sagt lagt vegt på "varmen" og "hjarstelegheita" i ora etter som kvart tilfelle var.
 32. Denne skikken har eg ikkje set på våre kantar - frå gamalt av. Nå vert det jo av og til kyssing serleg på kinnet.
 33. Sjå pkt. 32.
 34. Det var noko dei kalla "slengkyss". Det var å ta handa opp imot munnen og så liksom kasta noko over til den andre. Det var visst serleg mellom barn at det var spørsmål om dette.
 35. Har aldri set noko til det - her på landsbygda.
 36.
 37. Kjenner ikkje til det.
 38. Eg kjenner ikkje noko anna i det høvet enn at det i staden for ordet kyss vert sagt "suss".
 39. Det har vore brukt så lenge eg minnest og brukast nok framleis. Det heiter "å byta nase".
 40. Det vert gjort av alle som skal "kjela" med barnet.
 41. Jau, det kjenner eg. Det heitte å "stela nasen". Ein klöyp nasen til barnet mellom peike- og langfingeren med utsida av handa mot ansiktet åt barnet, vrei litt rundt, tok handa bort og sette i same farten tommålstotten ut mellom fingrane der nasen hadde vore. Dette vert så synt til barnet, som så skulde tru at det var nasen ein hadde mellom fingrane.
 42. Det var vanlegt "kjærteikn" mot barn. Eg trur ikkje eg har høyrte anna namn enn at dei skulde "kjela" med einannan.
 43. Det var gjort mellom alle som skulde kjela med b.
 44. Sjå pkt. 18. Som nemnt, kunde "sine" og "tillokka" gå noko omeinannan i eldre tid. No går det helst på "gratulera" både med ditt og med datt, dersom det

4.

det ikkje er ein eller annan serleg norsk-venleg som tek mannskap til seg og seier "tillokka med dajen" o.l.

45. Som det går fram ovanføre, var den eldste uttrykksmåte i bygda "signe dajen". Men i mi tidlegste tid gjekk det meir og meir over til "gledelig jul" osv.. Ved barnefødsel, truloving, brudlaup eller når ein eller annan vart innvald her eller der har det vanleg vore "gratulera".

46. Nokon fast regel for helsingsord i slike høve hugsar eg ikkje frå gamalt. Men det måtte i slike høve alltid helsast i handa, og det måtte seiast eitt eller anna som synte at andre hadde medkjensle med dei syrgjande t.d at det var svært så snart det gjekk, e.l. og eg trur nok at det ofte vart blande inn religiöse ordtak som "Gud velsigne han (hu) der han (hu) nå e" o.l. *No for via vert det handhelst og handulert*

47. Ungane måtte alltid lærast til "å takka pent" for maten. Det var å gå rundt (hjá framande) å takka alle i stova i handa (og med "pena" handa (den högre). Vaksne gjorde også dette av og til, men av dei vaksne vart det helst til eit "takk ut i vere". Dei sa t.d. "Jarteløge takk for maten adle samem" og la ofte til eitt eller annan om at det smakte godt. Dette med "takk ut i veret" og takk i handa, har alle dagar gått omeinannan etter som det skulde vera meir eller minder högtidsamt. Etter serlege gjestebod, brudlaup, gravferd o.l. måtte det alltid takkast "oppi handå" av alle som hadde vore der og med alle som höyrde til vertskapet.. Når nokon fyrste gongen mötest ~~ekte~~ med ein av vertskapet etter gjestebod, må han seie "takk for sist". Tidlegare sa dei "takk for seinaste". Det kunde også her av og til höva med dette takket "i handå"

48. Dette kjenner eg ikkje noko til

49. Dei kunde "geipa" til ein og etter ein.

"Geipet" var serleg grimaser med munnen etter som det hövde. I "alvorlegare" tilfelle kunde han som vilde "sjella" snu seg og slå seg med högre handa i baken. Dette skulde helst vera "jamgodt" med å seie Kyss meg osv." Desse omgangsmåtane har aldri vore rekna for å vera serleg "fint".

50. Å seie "han" eller "ho" i staden for "De" eller "du" har eg ikkje höyrt andre seie enn presten Solheim som i si tid var i Koparvik. No seier ein vanleg "du" og "deg" til alle kjennsfolk, ung eller gamal, slekt eller ikkje slekt, dersom det ikkje gjeld "fine" folk. Det höyrer i alle fall til "god tone" for tia.

För mi tid måtte barn alltid seie "de" og "dokke" til foreldrer og ~~annx~~ i det heile alle eldre folk. Dette er altså no heilt forsvunne.

Avaldsnes den 30/3 1954

9294